

KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffing etter del I

Radøy kommune 2018 - førespurnad pristilbod ny utgang Radøy Ungdomsskule



1	GENERELL SKILDRING	3
1.1	Om oppdragsgivar	3
1.2	Skildring av oppdraget	3
1.3	Utforming	3
1.4	Atterhald om løyver og finansiering	4
1.5	Tidsfristar	4
1.6	Felles synfaring.....	5
1.7	Spørsmål.....	5
1.8	Prosjektets framdrift.....	5
2	REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN	5
2.1	Anskaffingsprosedyre	5
2.2	Offentlegheit og teieplikt	5
2.3	Vedståingsfrist	6
2.4	Konkurransgrunnlag.....	6
3	KVALIFIKASJONSKRAV	6
3.1	Obligatoriske krav	6
3.2	Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren	6
4	TILDELINGSKRITERIUM	6
5	Innlevering av tilbod og tilbodsutforming	7
5.1	Innlevering av tilbod	7
5.2	Utforminga av tilbodet.....	7
6	Kontraktsvilkår	7
7	Priser	7
8	Avvik og endringar	7

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Om oppdragsgivar

Oppdragsgivar for denne anskaffinga er Radøy kommune.

For meir informasjon om oppdragsgivaren sjå: <https://radoy.kommune.no/>

Oppdragsgivar sin kontaktperson er:

Namn:	Ingrid Didriksen
e-post	Ingrid.didriksen@radoy.kommune.no

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktpersonen.

1.2 Skildring av oppdraget

Det ligg føre ei politisk bestilling om å lage ein ny utgang frå utstillingshallen på Radøy Ungdomsskule. Utgang for rømming frå utstillingshall er i dag ikkje tilfredsstillande for store arrangement. Med ny utgang kan ein ha større arrangement i hallen. Det er tenkt at ny utgang skal lede rett ut. Det må setjast inn ein dør og verte laga ein rampe som leder ut på plassen. Det er i dag ein bod som står plassert der ny utgang er tenkt plassert. Radøy kommune står for flytting av bod og opparbeiding av rampe.

Radøy kommune inviterer derfor til å kome med tilbod på bygging av denne utgangen, der oppdraget er:


1. Bygging av ny utgang. Dør skal ha panikkbeslag og vere ein godkjent branndør.
2. FDV dokumentasjon med som bygget teikning.

Utstillingshall er i dag brukt i friminutt og som forsamlingslokale. Rommet har i dag ein kapasitet på 117 personar med omsyn til branntryggleik.

Planlagt oppstart er etter veke 23 og ferdigstilling før veke 32.

1.3 Utforming

Mål utstillingshall: 23,5-24 m x 8 m.



Mål er ikkje nøyaktig og nøyaktig mål må entreprenør stå for sjølv.

1.4 Atterhald om løyver og finansiering

Oppdragsgivar tar atterhald om retten til å avlyse konkurransen når som helst i anskaffingsprosessen, og heilt eller delvis forkaste tilboda dersom det finnast sakeleg grunn. Slike grunnar kan verte:

- Mangel på politisk godkjenning eller manglande finansiering.
- Avlyse konkurransen for å lyse ut ein ny, dersom kommunestyret vedtar å gjennomføre prosjektet med eit anna innhald/storleik.
- Dersom det ikkje vert gitt naudsynte løyver i det aktuelle område frå grunneigarar og/eller andre offentlege myndigheiter.

Avlysing eller forkasting gjev ikkje grunn til utgiftsdekning eller erstatning.

1.5 Tidsfristar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Felles synfaring	03.05.2018 kl.09.00
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	11.05.2018 kl.12.00
Tilbodsfrist	16.05.2018 kl.12.00
Tilbodsoopning	16.05.2018 kl.13.00
Evaluering	Veke 20-21
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Veke 20-21
Kontraktsinngåing	Veke 22
Vedståingsfrist for tilbodet	90 dagar frå tilbodsfrist
Oppstart bygningsarbeider	Etter veke 23

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

1.6 Felles synfaring

Det vert felles synfaring på Radøy ungdomsskule **torsdag 03.05.18 kl. 09.00.**

1.7 Spørsmål

Det vert anledning til å stille spørsmål på synfaringa. Det vert sendt ut referat med svara på e-post etter synfaringa. Spørsmål i etterkant av synfaringa kan rettast skriftleg til Ingrid Didriksen på ingrid.didriksen@radoy.kommune.no. Siste frist for å stille spørsmål er gitt av tabell i avsnitt 1.5. Oppdragsgivar vil sende spørsmål og svar til alle leverandørar som er med i konkurransen.

1.8 Prosjektets framdrift

Den av tilbydarane som vinn konkurransen må utarbeide ein enkel framdriftsplan som skal leverast til Radøy kommune før oppstart av prosjektet.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) del I.

Konkurransen vert gjennomført som begrensa tilbodskonkurranse. Det betyr at oppdragsgivar har invitert eit utval av leverandørar til å levere tilbod. Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda. Forhandlingar kan likevel bli gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som føremålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt per e-post til kontaktperson.

2.2 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentlig anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. Forvaltningslova § 13.

2.3 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbudet sitt til det tidspunktet som er oppgitt i pkt. 1.5 ovanfor.

2.4 Konkurransgrunnlag

Oppdragsgivar tar atterhald om å foreta rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget. Eventuelle rettingar, suppleringar og endringar vil verte sendt til alle som har mottatt konkurransegrunnlaget.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

3.1 Obligatoriske krav

Krav	Dokumentasjonskrav
Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsavgift og meirverdiavgift.	<ul style="list-style-type: none">Ingen dokumentasjonskrav for anskaffingar under kr. 500 000.

3.2 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Det er berre entreprenør som får oppdraget som treng å levere følgjande dokumentasjon.

Krav	Dokumentasjonskrav
Kapasitet hos tilbydd personell	Tilbydd personell skal ha kapasitet til å gjennomføre oppdraget i skulens sommarferie.
Framdrift: levering innan angitt frist.	Stadfesting på at arbeidet vil verte utført innan angitt frist.

Tiltaka kan vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova og den som får tildelt arbeida må inneha naudsynte ansvarsrettar innafor fagområda.

4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har den lågaste prisen:

Kriterium:	Dokumentasjon:
Pris	Tilbudsbrev med total tilbodssum. Arbeidet skal i utgangspunktet prisast som fastpris. Timepris skal gå fram av tilbudet. Det same med påslag på materiell. Eventuelle andre tillegg eller atterhalds skal gå fram av tilbudet.

5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

5.1 Innlevering av tilbod

Frist for levering 16. mai 2018 kl.12.00. Tilbodet leverast i lukka konvolutt på Rådhuset. Tilboda skal verte merka: «Radøy Ungdomsskule – ny utgang utstillingshall».

5.2 Utforminga av tilbodet

Det blir bedd om at tilbodet blir utforma i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt blir svarte på / belyste og dokumenterte i tilbodet.

Tilbodet skal vera komplett. Tilbod som er levert med manglar eller som kjem inn etter fristen, kan verte avvist.

6 Kontraktsvilkår

- For dette arbeidet gjeld Alminnelig kontraktsbestemmelser for Forenklet norsk bygge- og anleggskontrakt NS 8406.
- Fakturering skal skje etterskotsvis.
- Kontraktens priser skal ikkje regulerast i 2018.
- Spesielle kontraktsbestemmingar:
 - Byggherre stiller ikkje sikkerheit.
 - Byggherre teiknar ikkje forsikring.

7 Priser

Entreprenør må levere eit tilbodsbrief som spesifiserer total tilbodssum. Pristilbodet skal vere komplett og levere ein fullstendig løysing.

8 Avvik og endringar

Byggherre skal varslast snarast ved eventuelle avvik og endringar. Ekstraarbeid skal vere skriftleg bestilt før de eventuelt set i gang.